



Westcon Yard AS, Florø

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Løyve etter forureiningsforskrifta til undervasssprenging ved Westcon Yard AS Florø i Kinn kommune

Statsforvaltaren gjev Westcon Yard Florø løyve til mudring/undervasssprenging av 4 000 m³ massar i sjø ved gnr./bnr. 112/29. Formålet er auka seglingsdjupne framfor innseglinga til ei ny tørrdokk. Sprengstein kan deponerast

Boblegardin skal nyttast ved all sprenging i sjø.

Løyvet er gjeve med heimel i forureiningsforskrifta § 22-6.

Vi viser til søknad om løyve datert 6. juni 2023 og oversending av fagrapport om undervassstøy frå tiltaket datert 15. august 2024.

Vedtak

Statsforvaltaren gjev løyve til mudring/undervasssprenging i sjø til Westcon Yard Florø. Løyvet er heimla i forureiningsforskrifta § 22-6. Løyve er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg.

Gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av Statsforvaltarens ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 6, 44 300 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

Om tiltaket

Westcon Yard Florø byggjer ny tørrdokk, ved sidan av den eksisterande, for å auke kapasiteten ved verftet. Westcon Yard Florø fekk i 2023, via Kongsberg Naval Services, kontrakt om å vedlikehalde og levetidsforlengje Forsvarets fire fregattar i Nansen-klassen fram til 2040. Første fregatten er venta til Florø første halvår 2025. Westcon har mål om å ta imot ein av fregattane i april 2025 i den nye tørrdokken. Arbeida er blitt forseinka og




Westcon Yard Florø søker om løyve til undervasssprenging av ca. 4 000 m³ fjell over 500 m² sjøbotn. (Figur 1). Formålet er auka seglingsdjupne framfor innseglinga til ei ny tørrdokk som skal byggjast. Arbeida skal utførast frå lekter. Utsprengte massar skal lastas på splittlekter og slepast til utfylling på Fjord Base AS sitt område ved Persholmen. Arbeida skal skje etter føringar beskriven i sprengningsplan.

Like inntil tiltaksområdet blei det utført tilsvarende undervasssprenging og mudring av masser i 2014/2015. Det blei montert lydmålarar på slaktermerdene til Slakteriet AS (800 meters avstand) og ingen negativ påverknad blei observert/målt.



Figur 1 – kart som viser utdjuningsområdet



Figur 2 Fjellproppen som skal sprengast frå sjø er markert med rosa (Consto)



Westcon opplyser i oppdatert framdriftsplan (datert 6. september 2024) at arbeida i sjø kan starte opp 20. januar 2025 med anteken varighet ein måned, til ca. 20. februar. Entreprenør antar 7 – 12 salvar totalt med ca. ein salve annankvar arbeidsdag dersom været er nokolunde godt.

Høyring

Søknaden vert sendt på høyring til Bergens sjøfartsmuseum, Fiskarlaget Vest, Kinn kommune og Fiskeridirektoratet og låg ute til offentleg ettersyn på Statsforvaltarens heimeside i fire veker. Frist for å gje uttale var 20. november 2023. Vi fekk følgande uttaler:

Bergens Sjøfartsmuseum (25. oktober 2023)

Museet kjenner ikkje til kulturminne som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde tiltaket, men gjer merksam på den generelle plikten etter kulturminnelova (Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne) om stans i arbeid og varsling til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

Fiskeridirektoratet (8. november 2023)

Sitat frå uttalen:

"I heile Botnafjorden ligg eit regional viktig gytefelt for torsk med høg verdi. Rett utanfor tiltaksområde er det registrert gyteområde for torsk og sild, der Flora fiskarlag har kommentert at truleg er ein lokal torske- og sildestamme. Nærmaste akvakulturanlegg i sjø er lokalitet 21235 Hesteneset tilhøyrande Slakteriet AS. Av marine naturtypar er det fleire registreringar av større førekomstar av tareskog i nærleiken av innseglinga.

Gytefelt

Torsken gyt i perioden frå og med månadsskifte januar/februar til og med april, og yngelen bunnsår og vekser opp i grunne områder i nærleiken av gytefeltet i perioden mai til juni. I dette tidsrommet er yngelen ekstra utsett for ytre påkjenningar. Yngelen er spesielt ømfintleg for steinstøv og partiklar frå sprenging og utfylling. Westcon Yard som søker opplyser at det er liten fare for spreining av finstoff då sjøbotn består av sand, grus og stein over fast fjell. Vi ber likevel om at det settast som vilkår for eit eventuelt løyve at tiltaket ikkje kan gjennomførast i tidsperioden 1. februar til og med 31. mai av omsyn til gytetid for kysttorsk i området. Bruk av siltgardin er også eit avbøtande tiltak som Statsforvaltaren bør vurdere om kan nyttast i denne saka.

Sprenging kan i tillegg utløyse fluktrespons hos torsk og kan påverke vandringsmønster for torsk på veg til gytefeltet, i tillegg til at man risikerer å stresse eller i verste tilfelle sprekke luftblæra til yngel i oppvekst i området. Siltgardin tilpassa sprengingsarbeid, eller helst boblegardin som truleg har større effekt, er tiltak som bør vurderast å bruke.

Fiskeri

Flora fiskarlag har kommentert i Yggdrasil at gyteområdet har lokal og regional bruk. Av sporingsdata tilgjengelege for Fiskeridirektoratet ser vi at fiske går mest føre seg vest for tiltaksområdet. Vi ber likevel om at det også settast som vilkår om at tidspunkt for gjennomføring av tiltaket skal koordinerast i samarbeid med lokalt fiskarlag. Flora fiskarlag må kontaktast på førehand for avklaring av gjennomføringstidspunkt. Da for å unngå negativ påverking i form av nedslamming av garnsett og tapt fangst for fiskarar i området.



Akvakultur

Ifølgje Westcon Yard vart det, i samband med tidlegare sprengingsarbeid like ved tiltaksområdet, montert lydmålarar på slaktermerdane til Slakteriet AS som er om lag 800 meter unna. Ingen negativ påverknad skal ha blitt observert/målt. Vi ber også om at det settast som vilkår at sprengingsarbeidet skal koordinerast med Slakteriet AS for å sikre at sprenginga ikkje påverkar fisk i anlegget. Boblegardin kan også her beskytte fisk i merd.

Marint biologisk mangfald

Det er registrert mykje tareskog utanfor tiltaksområdet, og vi kan sjå AIS-spor etter taretrålarer i Yggdrasil. Bruk av siltgardin kan hindre nedslamming av tareskogen.

Oppsummert ber vi om at følgjande settast som vilkår for eit eventuelt løyve:

- Tiltaket skal ikkje gjennomførast i tidsperioden 1. februar til og med 31. mai
- Tidspunkt for gjennomføring av tiltaket skal koordinerast i samarbeid med Flora fiskarlag
- Sprengingsarbeidet skal koordinerast med Slakteriet AS

I tillegg ber vi Statsforvaltaren vurdere om det skal nyttast boblegardin og/eller siltgardin."

Westcon Yard Florø sin kommentar til uttalen (1. desember 2023); sitat:

"Det er sannsynleg at det ønska tidspunktet for vår sprengning kommer i perioden mellom 1. februar og 31. mai. Vi håper derfor at løyve kan bli gitt oss også innanfor denne perioden, da gjerne med vilkår om bruk av boblegardin og eller siltgardin.

Vi gjør oppmerksom på at erfaringene våre med de store sprengningene som ble utført ved utdyping til – 20 m i området rett vest for utdypingsområde vi nå snakker om, viste små og nesten ingen innflytelse på merdene ved Slakteriet 800 m unna,

Den sprengningen vi nå snakker om er langt mindre enn det som var gjort den gangen og ikke på langt nær så dypt som den gangen.

Som nevnt er området for sprengning tidligere blitt rensket for finstoff noe vi også har dokumentert i vår video fra området, faren for spredning av finstoff er derfor nesten helt eliminert.

- Vi vil koordinere sprenginga med Flora Fiskarlag.
- Vi vil også koordinere sprenginga med Slakteriet AS"

Kinn kommune (6. november 2023)

Kinn kommune stadfestar at tiltaket er i samsvar med arealføremålet og tilhøyrande planføresegner. Gjeldande plan er Kommunedelplan for Florø sentrum 2018-2022 (PlanID: 4602_140120170002), der tiltaket skal gjennomførast i arealføremålet hamn (H3).

Statsforvaltarens grunngjeving for løyvet

Rettsleg utgangspunkt

Mudring og sprenging i sjø krev løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6 når arbeidet skjer frå lekter. Statsforvaltaren er forureiningsstyremakt etter forureiningsforskrifta.



Når Statsforvaltaren vurderer på kva vilkår det skal gjevast løyve til anleggsarbeid, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til, jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad tiltaket det er søkt om løyve til er i samsvar med føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova. Lova skal nyttast for å oppnå ein miljøkvalitet som er tilfredsstillande ut frå ei samla vurdering av helse, velferd, naturmiljøet, kostnader forbundet med tiltaka og samfunnsøkonomiske¹ omsyn.

Statsforvaltaren legg til grunn anbefalingar i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 *Handtering av sediment* i vår vurdering av saka. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Statsforvaltaren skal også vurdere tiltaket etter vassforskriftas reglar. Tiltak som gjev dårlegare miljøstand i ein vassførekomst er ikkje lov med mindre det er høve til å gje unntak, jf. vassforskrifta § 12.

Avgrensing mot plan- og bygningslova og anna lovverk

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningsforskrifta § 22 dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningslova. Kinn kommune har i si uttale bekrefta at tiltaket er i tråd med reguleringsplan.

Alden hamneområde har i vedtak 2. mai 2023 gjeve løyve til tiltaket etter hamne- og farvannslova.

Vår vurdering av søknaden

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskriftas § 36-2 sine krav til innhald i søknader om løyve etter forureiningsforskrifta.

Statsforvalterens grunngeving

Trykkbølger i sjø frå undervasssprenging kan skremme, skade og eventuelt drepe fisk som er i nærleiken av sprengingsområdet dersom trykkbølgjene er for høge.

Norconsults rapport² syner at med den planlagde gjennomføring av sprenginga beskriven i sprengningsplan³ (m.a. fordemming av borehola, rett tilpassa ladningsstorleikar, intervalltenning og enkel boblegardin) vil valt grense for *direkte skade* på 32 kPa trykk gå om lag 370 m ut frå sprengingsstaden. Innanfor denne avstanden vil ein måtte rekna med direkte skader på fisk. Dette betyr at fisk som oppheld seg mellom Westcon og Langholmen kan verta skada.

Tiltaket ved Westcon skjer innafor eit 50 km² stort gytefelt⁴ som dekker heile Botnfjorden, Klavfjorden og Nordalsfjorden frå Mortingbåen i vest og 23 km austover til inst i Nordalsfjorden. Innafor dette gytefeltet er det registrert fleire gyteområde for kysttorsk og andre fiskeslag. Det næraste⁵ gyteområdet ligg i tiltaksområdet og den sørlege delen av gyteområdet dette ligg ca. 1,5 km unna, avskjerma av kanalen .

¹ Forurensningsloven med kommentarer 2. utgave. Øystein Wang

² "Mudring framfor ny turrdock – undervassstøy frå bergsprengingar til marint liv." Norconsult 15. august 2025

³ "Sprengningsplan – sprenging i sjø – Westcon Dokk Vest." Consto Anlegg Midt AS

⁴ Botnafjorden gytefelt for kysttorsk B- verdi (regionalt viktig) – kartlagt av Havforskningsinstituttet

⁵ Langholmen – Kanalen – Geitholmen gyteområde – meldt inn av Flora fiskarlag i 2013 som "sannsynleg lokal silde- og torskestamme"



Figur 1 Gyteområde Langholmen - Kanalen - Geitholmen med skravur. Utfylling Perholmen (Fjordbase) markert med oransje ring, undervasssprenging Westcon med gul ring

Hovuddelen av dette gyteområdet er sør for kanalen, og vi vurderer at det er i dette området som primært vert nytta som gyteområde. Statsforvaltaren har innhenta statistikk på antal skipsanløp inn til dei ulike kaiene i Florø hamn pr år og det blei registeret⁶ ca. 3 700 anløp i heile 2023 og hhv. 770 og 730 skipsanløp i 1 kvartal 2023 og 1 kvartal 2024. 1 kvartal utgjør det meste av gyte- og oppvekstperioden. AIS registreringar i tilgjengelege kartbasar (Kystinfo) syner at trafikken i all hovudsak går til kaier på nordsida av kanalen. I flg. Havforskningsinstituttet⁷ vil ein slik omfattande skipstrafikk gjere området mindre attraktivt for gytande fisk.

Westcon hadde lagt opp til at arbeida i sjø skulle utførast utanfor gyte- og oppvekstsesong men på grunn av forseinkingar i arbeida vert det søkt om å få utført arbeida frå ca. 20 januar og til ca. 20 februar 2025 fordi den nye dokken skal ta imot Forsvarets fregattar for vedlikehald i den nye tørrdokken i første halvdel 2025.

Fiskeridirektoratet vil ikkje at tiltaket skal gjennomførast i perioden 1. februar til og med 31. mai av omsyn til fare for negativ påverknad frå sprenging av finstoff og frå lydtrykk frå sprengning.

⁶ Statistikkbanken – 09518 Havneanløp per kvartal etter havn, skipstype mm- Statistisk sentralbyrå

⁷ Kunnskapsveileder for marine naturverdier og tiltak i kystsonen – gytefelt. Hi 16. september 2021



Statsforvaltaren vurderer, basert på utførde undersøkingar av sjøbotn⁸, at det er svært lite finstoff i sjøarealet som skal reinskast for masser før sprenging. Det meste av arealet (ned til kote – 9) er sprengstein frå tidlegare utfyllingar og ROV film viser at sjøbotn utanfor fyllingsfoten består av grovare masser. Så vi set difor ikkje vilkår om bruk av for eksempel siltgardin for å redusere fare for spreieing av finstoff.

Når det gjeld skade på fisk i gyteperioden så set vi ingen tidsavgrensing i gyteperioden. Som vurdert ovanfor er det sjøarealet som blir påverka av desse salvane truleg lite attraktiv for gytande fisk grunna mykje skipstrafikk. Vi vurderer at antal salvar er lite (7 – 12) og set vilkår om at sprenging skjer bak boblegardin i samsvar med sprengningsplan og med skremmeskot før salvane. Vi legg til grunn at vedlikehald av Forsvarets fregattar er viktig oppdrag for ivaretagelse av norske havområder og vi vurderer det rett å unngå ei potensiell forseinking på over eit halvt år på ferdigstilling av tørrdokken. Vi set som vilkår, slik Fiskeridirektoratet skriv i sin uttale, at det skal opprettast samarbeid med Flora Fiskarlag og Slakteriet for å koordinere tidspunktet for sprenging med desse verksemdene.

Utfylling av massane frå Westcon i regi av Fjord Base er regulert i eiga løyve frå Statsforvaltar, sist endra 15. januar 2024 (2019.0599.T). Det er ikkje sett tidsavgrensing i dette løyvet til Fjordbase då utfylling skal skje innafør ei avskjermande utfylling.

Frå sprengingsarbeid kan det bli danna små og store plastbitar som vert spreidd i miljøet. Plast bruker lang tid på å brytes ned, og det har en negativ og uønsket påvirkning på miljøet. Statsforvaltaren stiller vilkår for å avgrense tilførsel av plastavfall til omgjevnadene.

Tiltakets avgrensa omfang og varigheit samt dei føreslåtte avbøtande tiltaka gjer at Statsforvaltaren vurderer risikoen for naturmiljøet når det kjem til spreieing av partiklar og undervasstøy som akseptabelt.

Vurdering etter vassforskrifta

I denne saka legg Statsforvaltaren til grunn at tiltaket vi gje ei mellombels påverking og at tilstanden i resipienten vil bli gjenoppretta når arbeidet stansar. Vi ser det derfor ikkje som sannsynleg at tiltaket vil kunne føre at miljømåla ikkje nåast, eller at tilstanden til vassførekomsten blir forverra. Vurdering etter § 12 vil derfor ikkje vere aktuelt for dette tiltaket.

Oppsummering

Statsforvaltaren meiner at med dei avbøtande tiltak som krevst i løyvets vilkår, så vil man redusere risiko forureining og andre negative påverknader til eit akseptabelt nivå.

Både forureiningssituasjonen og naturmangfaldet er kartlagt, og kravet i naturmangfaldlova § 8 om at saka skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er dermed oppfylt. Kunnskapsgrunnlaget for tiltaket er vurdert som tilstrekkeleg, og føre-var prinsippet i § 9 i naturmangfaldlova er ivareteke ved at tiltaket er regulert med vilkår etter forureiningslova.

Kravet om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å avgrense skade på naturmangfaldet vil bli oppfylt når arbeidet vert utført i samsvar med vilkår i løyvet, jf. naturmangfaldlova § 12.

⁸ ROV undersøking Sub Aqua Tech 12. – 16. september 2013; undersøkelsesområde 3 ; line 2, 3 og 4 og NIVA notat 14. november 2013



Endring og omgjeriing

De pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvalteren med heimel i forureiningslova § 18, endre vilkåra i løyvet og sette nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake.

Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. At det er gjeve løyve til forureining, ekskluderer ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56.

Rett til å klage

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet av sakens partar eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå vedtaket er motteken, jf. forvaltningslova § 28. Eventuell klage skal angje kva det vert klaga på og den eller dei endringane som er ønskt. Vedtak om gebyrsats kan og påklagast. Eventuelle andre opplysningar av betydning for saken bør nemnes. Klagen skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Løyvets vilkår

Kopi til:

Bergens Sjøfartsmuseum
Fiskeridirektoratet
Kinn kommune

Postboks 185 Sentrum
postboks 294

5804 BERGEN
6701 MÅLØY



Løyve etter forureiningsforskrifta til undervasssprenging ved Westcon Yard AS Florø i Kinn kommune

Statsforvaltaren gjev Westcon Yard Florø løyve med heimel i forureiningsforskrifta § 22, jf. § 22-6. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 6. juni 2023 og andre opplysningar gitt i samband med behandling av søknaden.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betyding, må de på førehand avklare dette skrifteleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de gi beskjed til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Statsforvaltarens referanse

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2024.0762.T	4602.0287.01	2022/3787

Bedriftsdata

Bedrift	Westcon Yard Florø AS
Postadresse	Postboks 334, 6902 Florø
Kommune og fylke	Kinn, Vestland
NACE-kode	33.150 - Reparasjon og vedlikehald av skip og båtar
Org.nummer / tilhøyrer	973 118 641 / 940 748 585

Løyve første gang gitt: 9. september 2024		Løyve sist endra:
Sissel Storebø seksjonsleiar		Magne Nesse senioringeniør

Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Beskriving

1. Løyvet omfattar

1.1 Omfang

Løyvet gjev vilkår for å redusere forureining frå undervasssprenging ved Westcon sin eigedom gnr/bnr 202/241 i Kinn kommune.

Tiltaka i sjø omfattar:

- Sprenging av ca. 4 000 m³ massar

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 6. juni 2023 og Norconsult rapport datert 15. august 2024 med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren.

1.2 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av arbeidet. Varselet skal sendast minimum ei veke før oppstart av arbeida. Det kan varslast med ein e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no.

2. Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogeleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan føre til endring av utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal være dokumentert.

2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 2.5.

2.4 Miljørisikovurdering av anleggsarbeida

Dette løyvets vilkår er basert på dei miljørisikovurderingane som er utført i samband med søknad om løyve og dei forslag til avbøtande tiltak som er omsøkte for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå.

Verksemda plikter å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. Ved endra forhold skal miljørisikovurderinga oppdaterast. Resultata skal vurderast opp mot akseptabel miljørisiko.

Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både sannsyn- og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert plan over risikoreduserande tiltak, og sikre at tiltak herifrå vert innarbeida og gjennomført. risikoreduserande tiltak, og sikre at tiltak herifrå vert innarbeida og gjennomført.

2.5 Internkontroll

Verksemda plikter å ha internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda held krava i løyvet, forureiningslova og relevante forskrifter til lova. Verksemda plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av risikoanalyse skal verksemda sette i verk risikoreduserande tiltak.

Verksemda plikter å sjå til at den som til ei kvar tid fyller ut, transporterer eller på anna måte handterer massar, har internkontrollsystem i tråd med vilkår 2.3.

2.6 Beredskap

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Verksemda skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter *Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining* fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast.

2.7 Ansvar

Verksemda er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Verksemda pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Verksemda pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

2.8 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.9 Kulturminne i sjø og anna lovverk

Tiltakshavar pliktar å gje melding til Bergen Sjøfartsmuseum (marinarkeologi@museumvest.no) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Denne løyvet fritar ikkje for handsaming og/eller løyve etter annet lovverk som gjeld tiltaket, for eksempel hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.

3. Vilkår for utføring av tiltak i sjø

3.1 Generelt

Tiltaka i sjø skal utførast på ein måte som minimerer undervassstøy, spreining av partiklar og plast. Det skal være rutinar for visuell observasjon av partikkel- og plastspreining og for oppsamling av eventuelle skyteleidningar. Dersom det oppstår utilsikta forureiningssituasjonar skal arbeidet stanses og korrigerande tiltak gjennomførast

3.2 Utføring av undervasssprenging

Sprenginga skal utførast som beskriven i sprengningsplan vedlagt søknad 6. juni 2023, supplert med beskriving i Norconsult rapport datert 15. august 2024. Dette inkluderer fordemming av borehola, rett tilpassa ladningsstorleikar, intervalltenning, enkel boblegardin samt avfyring av små skremmeladningar i forkant av salvene.

3.3 Deponering av stein i Fjordbase si utfylling

Utfylling av massane frå Westcon i regi av Fjord Base er regulert i eiga løyve frå Statsforvaltaren, sist endra 15. januar 2024 (2019.0599.T).

3.4 Samarbeid med lokale fiskeriinteresser

Det skal opprettast samarbeid med Flora Fiskarlag og Slakteriet for å koordinere tidspunktet for sprenging med desse verksemdene.

Flora fiskarlag må kontaktast på førehand for avklaring av gjennomføringstidspunkt. Da for å unngå negativ påverking i form av nedslamming av garnsett og tapt fangst for fiskarar i området.

Sprengingsarbeidet skal koordinerast med Slakteriet AS for å sikre at sprenginga ikkje påverkar fisk i anlegget. Boblegardin skal vurderast for å beskytte eventuell fisk i merd til Slakteriet.

3.5 Aktsemd ovanfor framande organismar

Den framande arten havnespy/japansk sjøpung (*Didemnum vexillum*) er allereie etablert fleire stader i landet. Dette er ein framand og uønskt art som formerer seg raskt og fører til store problem for marine miljø og næringar. Arten veks mellom anna på skrog, fortøyingar, brygger og anna som finst i sjøen. Vestland fylke har gjennom dei siste åra registrert ein auke i observasjonar av havnespy. Havnespy er blant anna påvist ved kaier i Måløy, Florø, Gulen, Bergen, Askøy og Øygarden. Arten spreier seg via skipsfart, særleg inne i dei største hamnene som har vitjing av utanlandske skip. Arten kan òg spreie seg til mindre hamner via småbåtar eller festa til tauverk, blåser og andre flyteobjekt i sjøen.

Statsforvaltaren minner om aktsomheitsplikta i høve til forskrift om framande organismar § 18. Der står det at den som set i verk tiltak som kan føre til utilsikta spreining av framande organismar i miljøet, skal opptre aktsamt for å hindre at aktiviteten får uheldige følgjer for det biologiske mangfaldet. Tiltakshavar skal ha kunnskap om risikoen aktiviteten inneber, kunnskap til å treffe førebyggjande tiltak og kunnskap til å raskt oppdage utilsikta spreining av framande organismar. Mistanke om funn av havnespy [må meldast inn](#) og verifiserast av marinbiologisk kompetanse. Dersom havnespy blir stadfesta, [skal observasjonen rapporterast til Artsdatabanken](#), og det må

setjast i verk tiltak for å unngå vidare spreining. Slike tiltak skal skje i samsvar med [retteiing gitt av Sjøfartsdirektoratet](#)

4. Avfall

4.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av tiltaka. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg. Westcon pliktar å sjå til at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med gjeldande regler fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

4.2 Handtering av farleg avfall

Verksemda skal handtere farleg avfall i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal lagrast på ein slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lagra farleg avfall skal være merka og skal ikkje blandast saman med anna avfall. Lagring skal skje i tett container eller under tak på fast dekke. Lageret skal være sikra mot uvedkommande.

Farleg avfall skal leverast vidare til godkjend mottak eller behandlingsanlegg minst ein gang per år. Farleg avfall skal deklarerast på www.avfallsdeklarering.no.

4.3 Plast

Det skal gjerast tiltak for å avgrense tilførsel av plast til naturen. Det skal gjennomførast opprydding av plast og annet avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og nærliggande områder. Rutinar for dette skal føreligge skriftleg. Oppsamling av eventuelt avfall i sjøen skal loggførast. Rutinar for overvaking og oppsamling av avfall i sjøen skal inngå i overvaksingsplanen. Oppsamla avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak.

Miljødirektoratet sitt faktaark M-1085 | 2018 kan nyttast som ein rettleier.

5. Overvaking og kontroll, og rapportering til Statsforvaltaren

5.1 Plan for overvaking og kontroll

Det skal utførast kontroll og overvaking av tiltaka i sjø etter ein kontroll- og overvaksingsplan. Denne skal lagast i tråd med anbefalingar gjeve i Rettleiar for handtering av sedimenter M-250/2015, og stette løyvets vilkår.

Overvakinga skal vere tilstrekkeleg til å avdekke eventuell spreining av forureining i samband med gjennomføring av tiltaka.

5.2 Sluttrapport

Westcon Yard Florø AS skal sende rapport til Statsforvaltaren innan 8 veker etter at tiltaket er gjennomført.

Rapporten skal innehalde:

- Omtale om korleis arbeidet er utført (metodar).
- Opplysningar om mengder masse som faktisk har blitt utsprengd (i m³ eller tonn).
- Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva slags korrigerande tiltak som ble satt i verk.
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.

6. Tilsyn

Westcon Yard Florø AS plikter å la representantar frå Statsforvaltaren føre tilsyn med anlegget når som helst.